

Møtebok for Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

Saksnummer: OSL/06/25
Innkallingsdato: 20. juni 2025
Møtedato: 25. juni 2025
Møtestad: Norheimsund kyrkje
Møtetid: 17.30- 18.15

Medlemer tilstades på møtet: Astrid Helleve Fylkesnes
Vetle Karlsen Eide
Kjell Dysvik
Magne Kolstad
Ida Lindøe
Lisbeth Henriksen

Varamedlemer tilstades: 1 Jorun Brurok Lillefosse

Meldt forfall: Margun Mikkelsen Tordal
Tor Håkon berge
Astrid Lunestad
Arne Opsahl-Engen

Andre: Olav Skeie Lid, sekretær

Møteleiar: Kjell Dysvik

Saker som vart drøfta: Sak 18/25 til og med sak 21/25.

Sak 18/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Samrøystes vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 14. mai vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde: Kjell Dysvik og Magne Kolstad

Sak 19/25 Meldingar

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.

- *Det har vore intervju med to søkjarar til sokneprestestillinga i Øystese i Ålvik, og det har vore tilsetjingsmøte i Bjørgvin bispedøme. **Den tilsette, Norunn Rød Markhus, har i dag informert om at ho har takka ja til stillinga. Kvam kyrkjelege fellesråd ynskjer velkomen, og lukke til!***
- *Det har førebels ikkje meldt seg søkjarar til det ledige vikariatet som kyrkjelydspedagog for hausten 2025. Julie Haaberg er engasjert som kyrkjelydspedagog for våren 2026.*
- *Strandebarm kyrkje er i rute. Det viste seg naudsynt å gjera mindre reparasjonar inne i tårnet, og ikkje minst å skrapa og målet tårnet når ein først hadde stillas oppe. Det var brukt lite eigna måling sist tårnet var måla, og eit betydeleg arbeid med skraping måtte til. Det aukar kostnaden med prosjektet – men held seg likevel godt innanfor den budsjettsummen som er tildelt av Kvam herad. Og ikkje minst: det gjev ei endå betre utnytting av tilskotet frå riksantikvaren.*

Sak 20/25 Revisjonsmelding 2025

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek den framlagde melding frå revisor til vitande.

Dokumenta ligg ved innkallinga som eigne vedlegg.

Sak 21/25 Tildeling av byggeoppdrag, minnelund i Øystese

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tildeler Johan Skeie AS oppdraget med å byggja minnelund i Øystese. Kyrkjevevje får fullmakt til å signera dei naudsynte dokument.

Prosjektet har vore utlyst på Doffin, den offentlege anbudsportalen. Det er H2 Hardanger som har stått for anbudskonkurransen. Det kom inn tre tilbod:

Leverandør	Pristilbud
Boasson AS	1 754 713
Johan Skeie AS	1 070 734
KMT AS	1 523 435

Ei vekting av dei ulike tildelingskriteria som var lagt inn i tildelinga (pris, kompetanse, kvalitet, gjennomføringsevne), gav fylgjande poengscore:

Johan Skeie AS	9,65
KMT AS	7,26
Boasson AS	7,12

Kyrkjeverje Olav Skeie Lid og Anders Hjartnes hjå H2Hardanger har difor valt å tilrå Kvam kyrkjelege fellesråd å gje oppdraget med å byggja minnelund i Øystese til Johan Skeie AS.

Det er avsett kr 2,5 mill til dette prosjektet i budsjett frå Kvam herad. Minnelunden skal stå ferdig i løpet av oktober 2025.